

Orienteringssaker frå Helse Bergen

Sak 24/23

Trygge overgangar ved inn- og utskrivning av pasientar:

Prosjektets overordna mål er at pasientar skal få trygge og gode overgangar

- mellom sjukehus og kommune
- mellom kommune og sjukehus
- Ved overflyttingar mellom sjukehus eller internt i sjukehuset

Fleire av leveransane i prosjektet er ulike opplæringstiltak for å auke dei tilsette i Helse bergen sin samhandlingskompetanse

- Våren 2023 har det vært arrangert ei rekke seminar om samhandling og pleie- og omsorgsmeldingar
- På seminara har ulike kommunar presentert korleis dei arbeider og kva som er viktig for dei i samhandlinga med sjukehuset

Gjennom seminara har me erfart at det er behov for auka kunnskap hjå både kommune- og spesialisthelsetenesta.

Prosjektet ønskjer å arrangere eit heildagsseminar/workshop om samhandling hausten 2023 (tentative datoar er tysdag 26.09 eller fredag 20.10.

Målet med eit slikt seminar er at dei tilsette i kommunane og sjukehusa blir betre kjent med kvarandre og korleis dei arbeider, og kva som er viktig for dei for at samhandlinga dei imellom fungerer godt.

Endring i rutine for PLO-meldingar:

Ved oppstart av elektroniske pleie- og omsorgsmeldingar i 2012/13 valte ein at sjukehusa skulle sende «Melding om innlagt pasient» til kommunehelsetenesta på alle pasientar som enten hadde kommunale helse- og omsorgstenester eller blei vurdert til å trenge dette etter utskrivning, slik at det skulle være enklare for helsepersonell å forhalda seg til nytt system med elektronisk meldingsutveksling.

Som svar på meldinga, sender kommunehelsetenesta «Innleggingsrapport». For pasientar som ikkje har kommunale helse- og omsorgstenester er innleggingsrapportane utan innhald, og tilfører ikkje sjukehusa informasjon.

Nasjonal standard og ny prosedyre i Helse Vest gjer at vi no går vekk frå ei slik praksis. Ny praksis vil vere

Pasientar som har kommunale helse- og omsorgstenester frå før → Helse Bergen sender «Melding om innlagt pasient» som første melding til kommunen så snart som mogleg etter innlegging. Kommunen svarer med «Innleggingsrapport», så fremt den ikkje er sendt som første melding.

Pasientar som IKKJE har kommunale helse- og omsorgstenester frå før → Helse Bergen sender «Helseopplysning tidlegmelding» som første melding til kommunen, så snart som mogleg og innan 24 timer frå det blir identifisert at pasienten kan ha behov for slike tenester etter utskrivning. Kommunen sender IKKJE innleggingsrapport.

Innleggingsrapport som første melding:

Oppstart 08.05.23

Informasjon og opplæringsmateriale (knytt til dei ulike journalsystema) vert sendt ut i eigen e-post til postmottak i kommunane